

---

**Saknr:** 2020/35486-1  
**Saksbehandlar** Kathrin Jakobsen  
**Dato:** 22.01.2020

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Delegasjonsreise til Kina 16. - 24. juni 2020 - invitasjon

Bergen Næringsråd, Bergen kommune og Bergen filharmoniske orkester arrangerer ei delegasjonsreise til Kina 16. - 24. januar 2020, i samarbeid med Universitetet i Bergen.

Initiativet til denne delegasjonsreisa kjem frå Bergen, men det er ønskjeleg at dette skal vere ein Vestlandsdelegasjon. Bergen Næringsråd har difor invitert Vestland fylkeskommune til å delta i delegasjonen. Dei gjev uttrykk for at fylkesordføraren si deltaking vil gje større tyngde til delegasjonen i møte med kinesiske myndigheiter og fungere som døroppnar. Dette blir sett på som spesielt viktig i Kina. Det er høve til å sende fleire deltakarar frå Vestland fylkeskommune i tillegg til fylkesordførar.

Dersom fylkesordførar takkar ja, vil Bergen næringsråd i samråd med fylkesordføraren, sende invitasjon til alle ordførarane i Vestland.

Delegatane vil vere aktørar frå heile fylket, innan næringsliv, politikk, forvaltning, akademia og kultursektoren.

Det er 120 plassar i delegasjonen. Per nå er det reservert om lag 50 plassar. Nokre av dei som har stadfesta at dei vil delta er: Bergen kommune (med ordførar), UiB, DNB, HVL, DNV GL, Vest Næringsråd, Askøy kommune (Ordfører), Innovasjon Norge, Bergen Næringsråd, med fleire bedrifter.

Det er seks år sidan forrige gong Bergen næringsråd arrangerte ei delegasjonsreise til Kina. Ei frihandelsavtale mellom Noreg og Kina er venta å kome på plass i løpet av 2020 og vil bli Noregs viktigaste handelsavtale utanfor Europa.

Delegasjonsreisa gjev moglegheiter for nettverksbygging og læring for selskapa som er interesserte i å utforske eller vekse i Kina. Føremålet med denne delegasjonsreisa er å førebu fylket, kommunar og næringsliv på import- og eksportmoglegheitene som vil oppstå og knytte nye relasjonar.

Bergen Næringsråd trekkjer fram desse punkta som dei viktigaste grunnane for å delta:

### 1. Ny kunnskap og nye relasjonar

Denne turen er ein einestående moglegheit for kundepleie, nettverksbygging og ny kunnskap. Den er tilpassa både «førstegangsreisande» og organisasjonar som allereie har interesser og samarbeid med Kina.

### 2. Møt norske bedrifter og organisasjonar i Kina

Delegasjonsreisa gjennomførast i samarbeid med Norwegian Business Association in China og Innovasjon Norge som representerer mange av dei over 200 norske selskapa som held til i Kina.

Ingen har bedre know-how om moglegheiter og utfordringar i det kinesiske markedet.

### 3. Møt kinesiske investorar

Delegasjonen skal vitje Zhongji, kinesisk holdingselskap, med store investeringar i ei rekkje bransjar i Europa. Dei er interesserte i å gjere investeringar i Noreg og det vil gjeve moglegheiter for korte bedriftspresentasjonar frå delegasjonen.

I tillegg er det under planlegging besøk hos nokre av dei største teknologiselskapa i Kina.

### 4. Lag ditt eget sideprogram

I tillegg til hovedprogrammet er det lagt til rette for at delegatane kan arrangere sideprogram, B2B-møte, eller gjere andre aktivitetar. Kinakontoret til Innovasjon Norge vil bistå delegatane som ønskjer dette.

### 5. Frihandelsavtale med Kina i 2020

Norske og kinesiske myndigheiter arbeider for å lande ei frihandelsavtale med Kina ila. 2020. Ei slik avtale vil, etter EØS-avtalen, vere Noregs viktigaste handelsavtale. Dette vil opne for store moglegheiter for norske interesser på alle nivå.

### 6. Kulturell døropnar

Bergen Filharmoniske Orkester og Leif Ove Andsnes er verdsstjerner og skal spele i Kina sine flottaste konserthus. Dette er utan tvil noko som blir lagt merke til i Kina og er ein unik moglegheit for å treffe myndigheitspersonar, næringsliv og kundar.

Delegasjonen vil saman med den norske ambassaden arrangere mottaking i samband med begge konsertane.

**Pris: kr 28 000,- per pers.**

(hvorav 5 000,- er depositum som skal betalast i februar). Øvrig fakturering skjer etter påske.

**Prisen inkluderer:** fly, hotell, transport, konsertar og mottakingar.

**Pris utan fly: kr 20 800,-**

Til alle fellesaktivitetane vil det vere organisert transport til og frå hotellet. Eigne møte og aktivitetar kjem utenom dette tilbudet.

**Påmeldingsfrist 31. januar**

Arrangør av delegasjonsreisen er:

I samarbeid med:



# Program

Beijing – Shanghai 2020

## 16. juni

- 18:10            **Avgang fra Flesland Bergen**  
SAS til Beijing Capital Intl. via København  
(Andre tilsvarende ruter med Finnair og KLM ved stor påmelding)

## 17. juni

- 14:00:            Ankomst Great Wall Hotel (4+\*) i Beijing.
- 14:00-19:00:    Egentid
- 19:00:            Mottakelse på hotellet sammen med **Norwegian Business Association China**. Her vil delegatene møte de norske bedriftene i Beijing.

## 18. juni

- 10:00-15:00:    **China Norway Business seminar - Beijing**  
Seminarret avholdes hos BI i prestisjetunge Tsinghua University teknologi- og forskningspark. I samme park sitter bl.a. Gates Foundation, Boston Scientific samt en rekke av Kinas fremste innen teknologiutvikling.

1. Presentasjon og møte med Aker Solution, Equinor og QM (Ekornes sine eiere)

2. Besøke kinesiske teknologiselskaper i forskningsparken og introduksjon av økosystemet for innovasjon og teknologiutvikling i Kina

- 15:00-19:00:    Tilrettelegges for individuelle behov: B2B og bransjerettede sideprogram.
- 19:00:            Mottakelse ved den norske ambassaden ved **ambassadør Signe Brudeset** for delegatene, kinesisk myndigheter, norsk og kinesisk næringsliv.

## 19. juni

- 10:00-14:00:    Møte med **Zhongji** – kinesisk holdingselskap med store investeringer i en rekke bransjer i Europa. Tema vil bl.a. være kinesisk-norsk eierskap og investeringer i joint venture. Det vil også gis mulighet for korte bedriftspresentasjoner.
- 14:00-19:00:    Tilrettelegges for individuelle behov: B2B og bransjerettede sideprogram.

- 19:00: Stor mottakelse og konsert i **National Center for the Performing Arts** («Egget») med **Bergen Filharmoniske Orkester** som fremfører Grieg med **Leif Ove Andsnes** ved flygelet. Delegatene, ambassaden og norske selskaper i Kina har anledning til å invitere med samarbeidspartnere, kunder og ansatte.

### 20. juni

- 10:05: **Lyntog** til Shanghai på 1. klasse.
- 17:00: Ankomst Equatorial Hotel Shanghai (4+\*)
- 19:00: Mottakelse på hotellet sammen med **Norwegian Business Association China** og norske selskaper i Shanghai.

### 21. juni

- 10:00-14:00: Matinekonsert og mottakelse på **Shanghai Oriental Art Center** med **Bergen Filharmoniske Orkester** og **Leif Ove Andsnes**. Delegatene, ambassaden og norske selskaper i Kina har er anledning til å invitere med samarbeidspartnere, kunder og ansatte.
- 14:00-19:00: Tilrettelegges for individuelle behov: B2B og bransjerettede sideprogram.
- 19:00: Uformell mingleaften på the Bund.

### 22. juni

- 10:00-14:00: Bedriftsbesøk og møter med store teknologiselskaper. Det planlegges møter med selskapene **Alibaba, TikTok** og **Tencent**.
- 16:00-19:00 **China Norway Business seminar – Shanghai**. Seminaret avholdes i lokalene til DNV GL med norsk og kinesisk deltakelse fra politikk, forskning og næringsliv. Her vil det komme ut et eget program til seminaret.
- 20:00 Kinesisk BBQ i hagen til DNV GL med kinesiske og norske gjester.

### 23. juni

- Siste dagen organiseres det tre parallelle program:
  1. Presentasjoner og dialog av Smart Cityløsninger og byutvikling med myndigheter og næringsliv
  2. Tilrettelegges for individuelle behov: B2B og bransjerettede sideprogram
  3. Besøk til den verdensarvlistede vannbyen Zhujiajia

- 20:00 Felles samling på the Bund.

**24. juni**

- 13:10-22:20 Avgang Shanghai Pudong Intl. via København og ankomst Bergen Flesland

**\* det er forbehold om at det kan gjerast justeringar i programmet.**